

Arvid Alver
Postboks 128
5903 Isdalstø

Leiknes 23.07.2012

Kopi.

Jan Erik Pedersen
Postboks 117
Ulset
5873 Bergen

Angående veg og vatn på Leiknes 195/4-195/32

Eg har i den seinere tid fått fleire meldingar om at du nyttar min private veg til bilkjøring fram til eigedomen din 195/32 på Leiknes. Ser meg difor nøydd å gjera merksam på at vegrett du har i skjøtet er gangveg fram til hytta og ellers der du skulle ønskja å spasere.

Alle vegrettar som vart gjeve i den tida er gangvegar og då kan ein ikkje forvente å få gratis bilveg som andre har brukt store summar på å opparbeide. Så summa sumarum må det verte slutt med all bilkjøring og parkering på min eigedom 195/4 på Leiknes frå dags dato då du ikke har verken bilvegrett eller løyve til avkjørsel.


So har eg fått opplyst at du tappar vatn frå mitt private borehol og kan då meddele at frå og med 1/1-2013 skal hovedbruket nytta dette sjølv og du må då finne andre løysingar, enten brønn, borehol eller kommunalt vatn som no er på plass.

Vil gjerne vita kor lang tid du har tappa vatn frå mitt private borehol slik at eg kan sende deg ein liten giro på dette, eg meiner det kan fort verta nokre lappar av dette. Dersom eg ikke høyrer noko om dette vil eg ta utgangspunkt i dei kommunale takster, og til sist vil eg sei at det hadde vore på sin plass å kontakte grunneigar om saker som foregår på min eigedom og ikke berre ta seg til rette som er gjort i dette høvet og underteikna har no fått nok og då er det absolutt nok.

Dersom du meiner at det eg skriv her er feil, må du **snarast** kontakte underteikna.

Kopi til: Ordføreren i Lindås Astrid Aa. Byrknes
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Helsing
Arvid Alver



LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	195/32
25. 07. 2012	
Ark. saksnr	Løpenr
2010/576	
Saksh.	Tilgangskode
BENH	